



Avinor
Postboks 150
2061 GARDERMOEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ingrid Torsnes, 5557 2320

Rapport frå inspeksjon ved Avinor AS, Sogndal lufthamn Kontrollnummer: 2019.031.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Jan Arve Strand, Robert Eineteig
Joar Navarsete, Morgan Ølnes
Glenn Tage Kvammen,
Bjarte H Pettersen, Bente Wejden

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Ingrid Torsnes
Gøsta Hagenlund

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Avinor AS, Sogndal lufthamn Haukåsen den 7. mai 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka 1 avvik og ga ingen merknad(er) under inspeksjonen.

Avvik:

- Internkontrollen har manglar

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kopi til: Sogndal kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: AVINOR AS AVD SOGNDAL LUFTHAVN	
Organisasjonsnr.: 874720062	Eigd av: 985198292
Bransjenr. (NACE-kode): 52.230 - Andre tjenester tilknyttet lufttransport	

Kontrollert eining

Namn: Avinor AS, Avd. Sogndal lufthamn	Anleggsnr.: 1420.0032.01
Kommune: Sogndal	Fylke: Sogn og Fjordane
Anleggsaktivitet: Flyplass	
Løyve gitt: 10.03.2011	Sist endra: 19.03.2018

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for tanklagring, i tillegg til å vere del av Fylkesmannens frekvensbaserte tilsyn.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Tanklagring
- Kjemikal
- Løyve datert 19. mars 2018

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Avinor AS, avd. Sogndal lufthamn pliktar å rette opp avvik som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at verksemda innan 1. september 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Ingrid Torsnes.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 20. februar 2019. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må Avinor AS, avd. Sogndal lufthamn betale eit gebyr på 26 300 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varer inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Internkontrollen har manglar

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

Kommentarar til regelverket:

Risikovurdering og rutinar

Verksemda må kartlegge og vurdere risiko for forureining for si daglege drift. Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. På bakgrunn av risikovurderinga, må det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikoen. Det må òg etablerast rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda har etablert internkontroll, men han har nokre manglar når det gjeld ytre miljø.

Lagring av 400 liter dieseltank i vaskehall og med avrenning til oljeutskiljar var ikkje risikovurdert.

Fylkesmannen observerte væske i oppsamlingsarrangement under kjemikalielager. Verksemda kunne ikkje vise fram rutine for prøvetaking, tømning og vidare handtering av væske frå oppsamlingsarrangementet.

De er eit vilkår i utsleppsløyvet at tømning av pulveraggregat på brannbil skal gjerast på ein slik måte at pulveret kan sugast opp og leverast til godkjent avfallsmottak. Verksemda kunne ikkje vise fram rutine for tømning av pulveraggregat på brannbil.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen datert 19. mars 2018